



Arkivnr: 2014/17340-31

Saksbehandlar: Hanne Espe

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval for Kultur-, Idrett- og Regional utvikling

11.11.2015

## Kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

#### Samandrag

Som ein del av Friluftslivets år 2015 oppmoda Klima- og miljødepartementet, i brev av 6. november 2014, alle ordførarar til å kåre kommunen sitt mest attraktive friluftslivsområde. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2.2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland og premiere vinnaren med kr 30.000.

Retningslinene for kåring vart forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Regionalt kulturplan 2015-2025 og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder. Følgjande retningsliner er foreslått gjeldande for kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde;

- Lokalisering – i eller utanfor tettstad/by, nærliek til skule, idrettsparkar m.m.
- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærliken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) – t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde – korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året – på land og i vatn – t.d. utstyrssbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano,
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar – kva kan ein oppleve av tilleggsverdiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

Alle kommunane vart oppmoda til å nominere eitt av sine friluftsområde til denne kåringa innan 10. juni. Fristen var seinare utsett til 15. oktober, grunna få nominasjonar. 16 kommunar har nominert sine friluftsområder. Det er flotte perler frå heile fylket med ulike kvalitetar og verdiar. Kommunane har valt ulike måtar for å kome fram til nomineringa, og nokre stader har det vore brei medverknad frå innbyggjarane.

Det har vore utfordrande å velje ut dei friluftsområda med størst attraktivitet. Ein fagjury med representantar frå Fylkesmannen, Ungdommens fylkesting, Forum for natur og friluftsliv i Hordaland og Knut Langeland (journalist i Bergens Tidende og forfattar av turbøker) har kome med innspel til saka. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Friluftsrådenes landsforbund var også invitert til å delta i fagjuryen.

Med hjelpe av retningslinene og med Regional kulturplan til grunn, har fagjuryen valt sju friluftsområder frå ulike delar av Hordaland som utpeika seg på ulike måtar;

Kommune	Friluftsområde
Fjell	Algrøyna
Fusa	Vinnesholmen
Os	Lysøen
Tysnes	Kjevik
Bergen	Fløyen
Askøy	Herdla fort
Austrheim	Vardetangen og Årvika friluftsområde

For å kåre ein vinner har fagjuryen har valt å setje fokus på korleis friluftsområda er tilrettelegging for ungdom og ny aktivitet. I regional kulturplan 2015-25 er ungdom eit gjennomgåande fokusområde, og det er såleis viktig å løfte fram gode døme på tilrettelegging for aktivitetar for denne målgruppa. Kulturplanen seier m.a. at *grunnlaget for gode friluftsvanar vert skapt i ung alder. Gjennom aktiv deltaking i friluftsliv, kan ein få eit engasjement for å ta vare på natur og miljø og ei forståing for felles natur- og kulturverdiar. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som voksen. Ein ser eit stort fråfall blant ungdom frå dei frivillige organisasjonane. Såleis er det særleg viktig å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom. Ved å involvere ungdom, kan friluftsanlegg for eit variert og attraktivt aktivitetstilbod utviklast. Nærturar i kvardagen stimulerer til utøving av friluftsliv i skogen, i fjellområde og ved kysten. Areal for fysisk aktivitet for ungdom kan ligge lengre frå bustad, men føreset at anlegga gir varierte og attraktive utfordringar og fungerer som gode sosiale møteplassar.*

#### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling innstiller til å dele utmerkinga som Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde mellom to kommunar som kvar får kr 15.000,-

Askøy kommune	Herdla fort
Austrheim kommune	Vardetangen og Årvika friluftsområde

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

## Fylkesrådmannen, 19.08.2015

Som ein del av Friluftslivets år 2015 oppmoda Klima- og miljødepartementet, i brev av 6. november 2014, alle ordførarar til å kåre kommunen sitt mest attraktive friluftslivsområde. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2.2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland og premiere vinnaren med kr 30.000.

Retningslinene for kåring vart forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Regionalt kulturplan 2015-2025 og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder. Følgjande retningsliner er foreslått gjeldande for kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde;

- Lokalisering – i eller utanfor tettstad/by, nærliek til skule, idrettsparkar m.m.
- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærliken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) – t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde – korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året – på land og i vatn – t.d. utstyrssbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano,
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar – kva kan ein oppleve av tilleggsverdiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

Alle kommunane vart oppmoda til å nominere eitt av sine friluftsområde til denne kåringa innan 10. juni. Fristen var seinare utsett til 15. oktober, grunna få nominasjonar. 16 kommunar har nominert sine friluftsområder.

Kommune	Friluftsområde
Askøy	Herdla fort
Bømlo kommune	Espevær
Bergen	Fløyenområdet
Sund kommune	Veten, Ord i spreke spor
Stord	Hystadmarkjo
Fusa	Vinnesholmen
Øygarden Kommune	Pardalsmyra
Radøy kommune	Tusensårsstaden
Tysnes	Kjевika friluftsområde
Kvinnherad	Sundal
Austrheim Kommune	Vardetangen og Årvika Friluftsområde
Sveio	Ryvarden Kulturfyr
Osterøy kommune	Storavatnet
Os kommune	Lysøen Friluftsområde
Fjell	Algrøyna
Meland	Håøya

Dette er flotte perler frå heile fylket med ulike kvalitetar og verdiar. Fylkesrådmannen oppmoda kommunane til å invitere til gode lokale prosessar med brei involvering av t.d. skular, barnehagar, velforeiningar, lag og organisasjonar m.m. for å vere med å stemme fram sitt friluftsområde. Kommunane har valt ulike måtar for å kome fram til nomineringa, og nokre stader har det vore brei medverknad frå innbyggjarane, t.d. har Fjell kommune hatt ei open nettbasert avstemming for å nominere sitt friluftsområde.

Det har vore utfordrande å velje ut dei friluftsområda med størst attraktivitet. Ein fagjury med representantar frå Fylkesmannen, Ungdommens fylkesting, Forum for natur og friluftsliv i Hordaland og Knut Langeland (journalist i Bergens Tidene og forfattar av fleire turbøker) har kome med innspel til saka. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Friluftsrådenes landsforbund var også invitert til å delta i fagjuryen.

### Følgjande har bidrøge i fagjuryen:

Fylkesmannen: Kjell Kvingedal, Miljøvernsjef

Ungdommens fylkesting: Agnes Bernes, leiar

Forum for natur og friluftsliv i Hordaland: Johanna Myrseth Aarflot, Fylkeskoordinator

Knut Langeland: journalist i Bergens Tidene og forfattar av fleire turbøker

Hanne Espe, rådgjevar idrett og friluftsliv, Hordaland fylkeskommune

Britt Karen Spjeld, fylkesidrettssjef, Hordaland fylkeskommune.

Etter møtet i fagjuryen 18. august vart fristen for nominering utvida til 15. oktober for å få inn endå fleire gode nominasjonar frå fleire av kommunane i fylket vårt. Hovudføremålet med kåringa er å få sett lys på alle dei flotte friluftsområda vi har i Hordaland. Alle dei innkomne nominasjonane fyller retningslinene for kåringa. For å kåre ein vinnar har fagjuryen har valt å setje fokus på korleis friluftsområda er tilrettelegging for ungdom og ny aktivitet. I regional kulturplan 2015-25 er ungdom eit gjennomgåande fokusområde, og det er såleis viktig å løfte fram gode døme på tilrettelegging for aktivitetar for denne målgruppa.

Kulturplanen seier m.a. *Haldningar og aktivitetsmønster vert innarbeidd i barne- og ungdomsåra. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som voksen. Helsedirektoratet tilrår minimum 60 minutt dagleg aktivitet for barn og ungdom. Av 6-åringane er 96% av gutane og 87% av jentene tilstrekkeleg aktive, av 9-åringane er 86% av gutane og 70 % av jentene aktive nok, medan blant 15-åringane innfrir 58 % av gutane og 43 % av jentene målet. Ein ser eit stort fråfall blant ungdom frå dei frivillige organisasjonane. Fleire og yngre ungdom nyttar tilbod i kommersielle treningsentre<sup>39</sup>. Såleis er det særleg viktig å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom.*

*Grunnlaget for gode friluftsvanar vert skapt i ung alder. Gjennom aktiv deltaking i friluftsliv, kan ein få eit engasjement for å ta vare på natur og miljø og ei forståing for felles natur- og kulturverdiar. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som voksen. Såleis er det særleg viktig å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom. Ved å involvere ungdom, kan friluftsanlegg for eit variert og attraktivt aktivitetstilbod utviklast. Nærturar i kvardagen stimulerer til utøving av friluftsliv i skogen, i fjellområde og ved kysten. Barn i skulealder har ein gjennomsnittleg aksjonsradius på kring 200-300 meter og er avhengig av at tilbod finst i nærmiljøet. Areal for fysisk aktivitet for ungdom kan ligge lengre frå bustad, men føreset at anlegga gir varierte og attraktive utfordringar og fungerer som gode sosiale møteplassar.*

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Sju av dei friluftsområda som er nominert skil seg ut i høve til å fylle retningslinene for kåringa. Desse ligg i kommunane Askøy, Austrheim, Fjell, Fusa, Tysnes, Os og Bergen. Tilgang med gang, sykkel og/el offentleg transport, har brukargrupper ut over lokalmiljøet, har universell utforming som sikrar tilgang for alle, dei har store frilufts- og kulturverdiar som vert formidla, tilrettelagt for aktivitetar for ulike målgrupper og bredd samarbeid mellom ulike aktørar er element vi finn igjen i alle desse områda. Grunnen til at desse sju vart trekt fram som særleg attraktive friluftsområder, er at dei kvar og ein utmerkar seg ved å ha det lille ekstra på nokre av punkta i retningslinene. Det har også vore fokus på at områda er i stadig utvikling og at det er vilje til å tenke nytt og vere ein pådrivar for utvikling av områda ytterlegare.

To friluftsområder merkar seg ut p.g.a. særleg fokus på tilrettelegging og utvikling av aktivitet for ungdom. Begge områda viser i tillegg stor evne til samarbeid med ulike aktørar/ målgrupper og legg tilrette for ei brei brukargruppe. Det er område som speglar kreativitet og engasjement.

**Herdla fort** er i stadig utvikling med unike aktivitetsanlegg i storlått natur. Det er attraktivt på eit breitt spekter og har tilbod til alle målgrupper, men med eit stort fokus på spennande, nye anlegg for litt meir ungdommeleg utfordringar.

Austrheim har ei solid satsing på ungdom og kommunen har m.a. nyleg opna ungdommens hus. Område på **Vardetangen og Årvika** er i nærleiken til barnehage og barne- og ungdomsskule. Område byr på eit mangfald av aktivitetsmoglegheiter, i tillegg er det planar om endå fleire. Her er det også stadig utvikling og fornying. Det er eit allsidig tilbod, med medverknad frå dei ulike målgruppene.